

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 232	16/75

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
020/2016	Formannskapet	PS	05.04.2016
023/2016	Kommunestyret	PS	21.04.2016

Takstvedtekter for sakkunning nemnd og sakkunning klagenemnd - egedomsskattepliktige eigedommar i Modalen kommune

Forslag til vedtak:

Framlegg til takstvedtekter for sakkunning nemnd og sakkunning klagenemnd – egedomsskattepliktige eigedomar i Modalen kommune vert vedtatt slik dei ligg føre i saksvedlegget, og legg føringa på det formelle takseringsarbeidet i kommunen.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunen legg opp til ny taksering av eigedomar, spesielt retta mot den nye kraftlinia Modalen – Mongstad, kor ein ser for seg ein auke i egedomsskattegrunnlaget. I den samanheng treng ein oppdaterte takstvedtekter. I neste omgang må ein velje takstnemnder, og kor ein prøver å få dette til i samarbeid med Masfjorden kommune.

Vurdering

Det er i hovudsak to tilnærmingar på takseringsarbeidet i kommunal regi, enten taksering i eigen regi av nedsett takstnemnd eller sakkunning nemnd. Sakkunning nemnd bruker eksterne takstmenn til verdivurdering før nemnda deretter fastset egedomskatt. I saka har vi valt tilnærminga med sakkunning nemnd, etter tilråding frå LVK, samt brukt dei standardvedtektena som dei har utarbeidd for takstnemnder i samsvar med egedomsskattelova. Modalen har i dag ca. 21 mill.kr. i samla egedomsskatteinntekter. Ein stor del av desse er knytt til kraftverksbeskatning. Det er forventa ein vesentleg nedgang i egedomsskatten i åra framover.

Ein har avventa ny taksering av eigedommar generelt og spesielt retta mot den nye kraftlinia Modalen – Mongstad kjem på plass. Ei ny taksering vil kunne gje ein auke i egedomsskattegrunnlaget då det er mange år sidan sist taksering. Det er derfor no trond til å gjere

ein grundig gjennomgang av takstgrunnlaget for ulike eigedomar.

Aktiviteten i takstnemnda har vore låg i fleire periodar, men ein ser for seg at arbeidet i takstnemnda vil ta seg opp i noverande periode. For å kunne utføre dette arbeidet på ein god måte, er det viktig for kommunen å ha gode og oppdaterte takstvedtekter. Modalen har ytra ønske om å få på plass ei fellesnemnd med Masfjorden. Heimelen for dette er sjekka ut. Dette er muleg å få til og ein prøver difor å få dette til i samarbeid med Masfjorden kommune. I neste omgang vert det ei viktig oppgåve for valnemnda å komme med framlegg på kandidatar til ordinær takstnemnd og til klagenemnd, samla sett treng ein å velje 12 personar.

Konklusjon

Framlegg til takstvedtekter for sakkunning nemnd og sakkunning klagenemnd – eigedomsskattepliktige eigedomar i Modalen kommune vert vedtatt slik dei ligg føre i saksvedlegget og legg førингa på det formelle takseringsarbeidet.

Valnemnda må finne x representantar og x personlege vararepresentantar til sakkunning nemnd, og tilsvarande x representantar og x personlege vararepresentantar til sakkunning klagenemnd, samt koordinere dette med valnemnda i Masfjorden kommune, med sikte på at desse representantane vert valde i Kommunestyremøte i april 2016.

Formannskapet - 020/2016

FOR - behandling:

Rådmannen og ordførar orienterte kort om saka.

Moglege kandidatar frå Modalen til å vere med i felles takstnemnd/klagenemnd med Masfjorden vart drøfta. Ordførar føl opp dette i samråd med leiar av valnemnda i Masfjorden. Valnemda(ene) legg fram si tilråding til møte i kommunestyret den 21. april.

FOR - vedtak:

Framlegg til takstvedtekter for sakkunning nemnd og sakkunning klagenemnd – eigedomsskattepliktige eigedomar i Modalen kommune vert vedtatt slik dei ligg føre i saksvedlegget, og legg førингa på det formelle takseringsarbeidet i kommunen.

Kommunestyret - 023/2016

KS - behandling:

Rådmannen orienterte og svarte på spørsmål

Samrøystes

KS - vedtak:

Framlegg til takstvedtekter for sakkunning nemnd og sakkunning klagenemnd – eigedomsskattepliktige eigedomar i Modalen kommune vert vedtatt slik dei ligg føre i saksvedlegget, og legg føringa på det formelle takseringsarbeidet i kommunen.

Vedlegg:

Vedtekter sakkunnig nemnd eigedomsskatt